SULA KOMMUNE

Kultur- og kirkedep.
KU
Ku 2
2004/363-060

# TELEFAKS

Til: DET KONGELIGE KULTUR-OG KIRKEDEP.

Tlf:

Faks: 22 24 80 38

Frå: NAMNENEMNDA SULA KOMMUNE

Dato: 23.03.04

Tal på sider inkludert framsida: 2

**MERKNADER:**

GJELD HØRING:
FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN.

MVH
Hans Langvat

KU-avd
Saknr 04 / 363 ... 60
Vedlegg nr / ...

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Namnenemnda
**Møtedato:** 17.03.2004
**Sak:** 0010/04

**Arkivsak:** 04/00200
**K-kode:** L32 &13
**Tittel:** **SAKSPROTOKOLL: HØYRING - FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN**

**Behandling:**
Følgande innstilling blei lagt fram:

*Namnenemnda sluttar seg til framlegget frå Kultur- og kyrkjedepartementet til endring av lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med følgjande merknader:*

1. *Formuleringa i §4, første punktum, bør framleis ha formuleringa "den nedervde lokale uttalen av namnet" i staden for "den lokale talemålsforma av namnet". I tillegg bør det takast med naudsynte presiseringar som departementet nemner i pkt 8.4.3 i høyringsnotatet.*
2. *Som ein konsekvens av det som er sagt i pkt. 1 ovanfor, går nemnda inn for at 2. lekken i framlegget til §4 blir lydande slik: Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane." Resten av framlegget i lekken "To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt...." går ut.*

*Innstillinga blei einstemmig vedtatt.*

**Vedtak:**

*Namnenemnda sluttar seg til framlegget frå Kultur- og kyrkjedepartementet til endring av lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med følgjande merknader:*

1. *Formuleringa i §4, første punktum, bør framleis ha formuleringa "den nedervde lokale uttalen av namnet" i staden for "den lokale talemålsforma av namnet". I tillegg bør det takast med naudsynte presiseringar som departementet nemner i pkt 8.4.3 i høyringsnotatet.*

2. *Som ein konsekvens av det som er sagt i pkt. 1 ovanfor, går nemnda inn for at 2. lekken i framlegget til §4 blir lydande slik: Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane." Resten av framlegget i lekken "To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt...." går ut.*